



Lærdal kommune

Formannskapet

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 07.05.2026

Møtetid: Kl. 9:00 - 14:00

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Audun Mo	AP
Janne Marie Reppen	AP
Frøydis Helland	H
Viktor Yttri	SP
Sæmund Stokstad	SV

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte
Sæmund Stokstad	031/26	Jon Martin Valaker Nes

Møteleiar:	Ordførar Audun Mo
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Gunn Lerøy
Dokument utlevert i møtet:	

Merknader:

Kommunalsjef Trine Grøttebø var til stades ved handsaming av sakene 32/26, 33/26, 34/26, 35/26, 36/26, 37/26

Arealplanleggar Niklas Aarnio var tilstades ved handsaming av sak 027/26. Utvalsleiar for miljø og samfunnsutvikling Olav Grøttebø deltok i denne drøftingssaka via telefon.

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-026/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-027/26	Drøftingssak om flaumsikringsprosjektet	
PS-028/26	Orientering, meldingar og skriv	
PS-029/26	Delegasjonssaker	
PS-030/26	Årsrapport og årsrekneskap 2025	
PS-031/26	Lærdalsvassdraget – revisjon av konsesjonsvilkår – innspel frå Lærdal kommune	
PS-032/26	Årsrapport næringsarbeid 2025	
PS-033/26	Fjord & Fjellruta - søknad til nærings- og konsesjonsavgiftsfondet	
PS-034/26	Gamle Telegrafan	
PS-035/26	Toalett Borgund Stavkyrkje	
PS-036/26	Øystein Bøe - søknad om tilskot frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet	
PS-037/26	Sognasmak AS - søknad om tilskot frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet	
PS-038/26	Frønningen Hovudgård - Søknad om skjenkeløyve 2026 - 2028	
PS-039/26	NRK Tv aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomité og søknad om kommunebidrag	
PS-040/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

026/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

07.05.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet:

Sæmund Stokstad (SV) reiste spørsmål om inhabilitet til administrasjonen i sak 31/26. Formannskapet vedtok at han er inhabil etter forvaltningslova § 6-2, 2. ledd ut frå ei samla skjønsmessig vurdering.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 026/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

027/26 Drøftingssak om flaumsikringsprosjektet

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka blir lagt fram til styringsgruppa som utgangspunkt for drøfting og føringar for strategisk retningsval.

07.05.2026 Formannskapet

Framlegg frå Formannskapet, foreslått av ,

1. Tek 17 må leggst til grunn for flaumsikringa.
2. I planarbeidet skal det greiast ut 2 alternativ i tillegg til 0-alternativet.

Handsaming i møtet:

Formannskapet handsama saka som styringsgruppe. Utvalsleiar for miljø- og samfunnsutvikling Olav Grøttebø deltok under drøftingsaka som ein del av styringsgruppa.

Røysting:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - 027/26 Vedtak

1. Tek 17 må leggst til grunn for flaumsikringa.
2. I planarbeidet skal det greiast ut 2 alternativ i tillegg til 0-alternativet.

028/26 Orientering, meldingar og skriv

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

07.05.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet:

Ordførar informerer:

Har delteke på møte i Nordfjella rådet. Reetablering av villrein skjer truleg ikkje før til neste år.

Kommunen har delteke på samarbeidsmøte med Helse Førde om samarbeid knytt til drift av skadepoliklinikken. Det var eit positivt møte der me ser framover og får til eit best mogleg tilbod. Det er skissert ei løysing med drift på dagtid fem dagar i veka og samarbeid med legevakta.

Kommunedirektøren informerer:

Utvalsmøta vert endra i møteplanen til onsdagar i dei vekene formannskapet har møte.

Endringa gjeld frå og med perioden etter sommarferien

Har delteke på møte med Alarmsentralen om velferdsteknologi til bruk i helse- og omsorgstenesta. Eit viktig arbeid der me planlegg å setta i gang eit prosjekt for å få meir fortgang i arbeidet.

Økonomisk status: Litt overordna ser det bra ut hittil i år. Vesentleg auke i konsesjonskraftinntektene grunna høge straumprisar hittil i år. Bibliotekprosjektet og utbygging av utleigebustad i Saltkjelen er noko forseinka. Nytt bibliotek er planlagt opna seinast 1. desember i år.

Det er behov for eit ekstra formannskapsmøte i framkant av neste kommunestyremøte.

Møtestart kl. 08.30, kommunestyremøte kl. 09.30.

FS - 028/26 Vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

029/26 Delegasjonssaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Delegasjonssakene vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

07.05.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystest vedteken

FS - 029/26 Vedtak

Delegasjonssakene vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

030/26 Årsrapport og årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsrapporten og årsrekneskapet 2025 for Lærdal kommune slik den ligg føre.

07.05.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 030/26 Vedtak

Kommunestyret godkjenner årsrapporten og årsrekneskapet 2025 for Lærdal kommune slik den ligg føre.

031/26 Lærdalsvassdraget – revisjon av konsesjonsvilkår – innspel frå Lærdal kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Lærdal kommune stiller seg positiv til Østfold Energi sitt framlegg til reviderte konsesjonsvilkår og avbøtande tiltak for Lærdalsvassdraget, slik det ligg føre i høyringsdokumentet frå Norges vassdrags- og energidirektorat.
2. Lærdal kommune støttar innføring av standardvilkår for vasskraftkonsesjonane, som eit framtidsretta verkemiddel for å sikre fleksibel og kunnskapsbasert oppfølging av miljøforholda i vassdraget.
3. Kommunen føreset at:
 - omsynet til villaksen i Lærdalselva og villreinen i Nordfjella vert tillagt stor vekt i vidare oppfølging,
 - det vert vurdert etablering av eit villreinfond som kan finansiere framtidige avbøtande tiltak,
 - ferdsel og vegtilkomst i villreinområde vert strengt regulert og overvaka,
 - kommunen vert tidleg involvert i prosessar knytt til nye pålegg og tiltak etter standardvilkåra.
4. Lærdal kommune ser det som positivt at eksisterande ordning med Fiskefond II vert vidareført.

07.05.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Sæmund Stokstad (SV) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.
Jon Martin Valaker Nes (AP) møtte.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 031/26 Vedtak

1. Lærdal kommune stiller seg positiv til Østfold Energi sitt framlegg til reviderte konsesjonsvilkår og avbøtande tiltak for Lærdalsvassdraget, slik det ligg føre i høyringsdokumentet frå Norges vassdrags- og energidirektorat.

2. Lærdal kommune støttar innføring av standardvilkår for vasskraftkonsesjonane, som eit framtidsretta verkemiddel for å sikre fleksibel og kunnskapsbasert oppfølging av miljøforholda i vassdraget.
3. Kommunen føreset at:
 - omsynet til villaksen i Lærdalselva og villreinen i Nordfjella vert tillagt stor vekt i vidare oppfølging,
 - det vert vurdert etablering av eit villreinfond som kan finansiere framtidige avbøtande tiltak,
 - ferdsel og vegtilkomst i villreinområde vert strengt regulert og overvaka,
 - kommunen vert tidleg involvert i prosessar knytt til nye pålegg og tiltak etter standardvilkåra.
4. Lærdal kommune ser det som positivt at eksisterande ordning med Fiskefond II vert vidareført.

032/26 Årsrapport næringsarbeid 2025

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsrapporten for 2025 slik den ligg føre.

07.05.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 032/26 Vedtak

Kommunestyret godkjenner årsrapporten for 2025 slik den ligg føre.

033/26 Fjord & Fjellruta - søknad til nærings- og konsesjonsavgiftsfondet

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Tilskot for 2026 vert innvilga med kr 125 000. Beløpet vert dekkja frå nærings- og konsesjonsfondet.
2. Vidare støtte for 2027 og 2028 vert handsama år for år etter evaluering av drift, måloppnåing og finansieringsgrad.

07.05.2026 Formannskapet

Tilleggsframlegg, foreslått av Sæmund Stokstad, Sosialistisk Venstreparti

Nytt punkt vert lagt til:

Tilskotet føreset at vedlagte finansieringsplan blir realisert.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektørem med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 033/26 Vedtak

1. Tilskot for 2026 vert innvilga med kr 125 000. Beløpet vert dekkja frå nærings- og konsesjonsfondet.
2. Vidare støtte for 2027 og 2028 vert handsama år for år etter evaluering av drift, måloppnåing og finansieringsgrad.
3. Tilskotet føreset at vedlagte finansieringsplan blir realisert.

034/26 Gamle Telegrafan

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret ber om ei nærare utgreiing av både mogleg sal av Telegrafan og etablering av ei stifting for vidare utvikling og drift av eigedomen, samt alternativet med å behalde eigedomen i kommunalt eige. Utgreiinga skal visa dei økonomiske, juridiske og kulturhistoriske konsekvensane av alternativa, samt mogleg marknadsinteresse, framtidig bruk og aktivitet i bygget.
2. Saka skal leggjast fram for kommunestyret i møte den 10. september.

07.05.2026 Formannskapet

Framlegg frå formannskapet, foreslått av Sæmund Stokstad, Sosialistisk Venstreparti

1. Formannskapet ber om ei nærare utgreiing av avhending av Telegrafan. Utgreiinga skal visa dei økonomiske, juridiske og kulturhistoriske konsekvensane av alternativa. Utgreiinga skal også undersøka om det er mogeleg å dela frå garasjen og tilkomst til denne, slik at kommunen kan halda fram den noverande bruken. Konsekvensane av ei slik frådelling må også belysast.
2. Saka skal leggjast fram for kommunestyret i møte den 10. september.

Handsaming i møtet

Røysting:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - 034/26 Vedtak

1. Formannskapet ber om ei nærare utgreiing av avhending av Telegrafan. Utgreiinga skal visa dei økonomiske, juridiske og kulturhistoriske konsekvensane av alternativa. Utgreiinga skal også undersøka om det er mogeleg å dela frå garasjen og tilkomst til denne, slik at kommunen kan halda fram den noverande bruken. Konsekvensane av ei slik frådeling må også belysast.
2. Saka skal leggjast fram for kommunestyret i møte den 10. september.

035/26 Toalett Borgund Stavkyrkje**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Lærdal kommune stiller seg positiv til å vere med på spleiselag for etablering av ei midlertidig toalettløysing ved Borgund stavkyrkje.
2. Kommunen løyver inntil kr 250 000 til etablering av toalett i samarbeid med Fortidsminneforeningen, innanfor gjeldande budsjett.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå nærare avtale med Fortidsminneforeningen om gjennomføring og kostnadsdeling.
4. Fortidsminneforeningen Borgund Stavkyrkje har ansvar for reinhald og vedlikehald av bygget.

07.05.2026 Formannskapet

Framlegg frå formannskapet, foreslått av ,

1. Saka vert utsett.
2. Formannskapet ber om eit alternativ til for ei midlertidig toalettløysing.
3. Formannskapet oppmodar Fortidsminneforeninga til å koma tilbake med planar for ei permanent løysing som tek vare på heilskapen.

Røysting:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - 035/26 Vedtak

1. Saka vert utsett
2. Formannskapet ber om eit alternativ til for ei midlertidig toalettløysing
3. Formannskapet oppmodar Fortidsminneforeninga til å koma tilbake med planar for ei permanent løysing som tek vare på heilskapen

036/26 Øystein Bøe - søknad om tilskot frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 280 000 til Øystein Bøe til investering i nytt produksjonsutstyr knytt til eplemost- og siderproduksjon. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 35% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

07.05.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 036/26 Vedtak

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 280 000 til Øystein Bøe til investering i nytt produksjonsutstyr knytt til eplemost- og siderproduksjon. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 35% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

037/26 Sognasmak AS - søknad om tilskot frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 150 000 til Sognasmak AS til etableringa av matfestivalen Matauk. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 37% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

07.05.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 037/26 Vedtak

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 150 000 til Sognasmak AS til etableringa av matfestivalen Matauk. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 37% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

038/26 Frønningen Hovudgård - Søknad om skjenkeløyve 2026 - 2028

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i alkohollova § 1-7, gjev formannskapet Freyja Vin AS skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gr. 1, 2 og 3. på omsøkt uteområde tilknytt Frønningen hovudgård og innandørs rom som nemnd under, jfr. alkohollova § 4-2, ut inneverande skjenkeperiode. Innandørs rom som løyvet gjeld for:

- Altan og spisestue i hovudhuset
- Området i framkant av disk i det gamle butikklokalet
- Spisestove og daglegstove i kårhuset
- Stove og kammers i Nedbergstova
- Stove og kammers i Feiosstova

Styrar: Vilhelm Rumohr

Avløysar: Zsuzsanna Barna - unntak frå krav om kunnskapsprøve i alkohollova

Løyvet gjeld innanfor gjeldande kommunal skjenketid - det ligg som vilkår at løyveinnehavar sender kommunen liste med arrangement som innbefattar alkoholservering i framkant av sesongen.

Ovannemnde skjenkeløyve er gyldig til 30. september 2028, eller til anna vedtak er gjort.

07.05.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 038/26 Vedtak

Med heimel i alkohollova § 1-7, gjev formannskapet Freyja Vin AS skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gr. 1, 2 og 3. på omsøkt uteområde tilknytt Frønningen hovudgård og innandørs rom som nemnd under, jfr. alkohollova § 4-2, ut inneverande skjenkeperiode.

Innandørs rom som løyvet gjeld for:

- Altan og spisestue i hovudhuset
- Området i framkant av disk i det gamle butikklokalet
- Spisestove og daglegstove i kårhuset
- Stove og kammers i Nedbergstova
- Stove og kammers i Feiosstova

Styrar: Vilhelm Rumohr

Avløyser: Zsuzsanna Barna - unntak frå krav om kunnskapsprøve i alkohollova

Løyvet gjeld innanfor gjeldande kommunal skjenketid - det ligg som vilkår at løyveinnehavar sender kommunen liste med arrangement som innbefattar alkoholservering i framkant av sesongen.

Ovannemnde skjenkeløyve er gyldig til 30. september 2028, eller til anna vedtak er gjort.

039/26 NRK Tv aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomité og søknad om kommunebidrag

Kommunedirektøren si tilråding:

Desse vert vald til lokal kommunekomité for Tv aksjonen 2026:

Medlemene i formannskapet

Audun Mo – aksjonsleiar

Renate Fossen og politisk møtesekretariat – aksjonssekretær/koordinator

Lærdal kommune sitt bidrag til NRK Tv aksjonen 2026 vert kr 10 000,-

07.05.2026 Formannskapet

Endringsframlegg frå formannskapet, foreslått av ,

Lærdal kommune sitt bidrag til NRK TV aksjonen 2026 vert kr. 20.000

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren med endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 039/26 Vedtak

Desse vert vald til lokal kommunekomitè for Tv aksjonen 2026:

Medlemene i formannskapet

Audun Mo – aksjonsleiar

Renate Fossen og politisk møtesekretariat – aksjonssekretær/koordinator

Lærdal kommune sitt bidrag til NRK Tv aksjonen 2026 vert kr 20 000,-

040/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

07.05.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 040/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend